

## Uttale til NVE

Saksnr: 201001976 regnr: 6087

### Fellesuttale frå:

#### Øystese jeger og fiskarlag og Vernelaget i Kvam

-

**Øystese jeger- og fiskarlag** tilslutta NJFF har 320 medlemmer.

Laget leiger fiskerettane i fjellet og i den anadrome delen av Øysteseelva. ØJF har ansvaret for fiskekultiveringa av Fitjadalsvatnet. Dette har pågått i 11 år.

**Vernelaget for vassdrag i Kvam** vart etablert i 1997. Vernelaget har som målsetjing å:

- Hindre ytterlegare nedbygging av vassdrag og fjellnatur i Kvam
- Få fram opplysningar til politikarar og sakshandsamarar som arbeider med desse sakene
- Skapa ein offentleg debatt kring energiforbruket vårt

### Kommentarar til Øystesekraft og BKK sine planar for Øystese-elva

#### Hydrologi og fisk:

Begge kraftverka vil påverke hydrologien markant i Øysteseelva.

**BKK** sin overføring til Samnanger vil fjerne ein stor del av vatnet heile året. Mest markant vil det merkast rett under dammen i Vossadalen og ned mot Botnane. Med ein mistevassføring på 115L/S om sommaren (BKK sitt forslag), vil elva i praksis vere tørrlagt og fugleliv nær elva vil forsvinne. Med tørrlagt elv i lange peioder vil det «naturlege gjerde» forsvinne for beitedyr. Remafossen, kulpane og Ørredalsfossen vil få betydelig mindre vassføring om sommaren. Ved utløpet i Hardangerfjorden sommars tid kan elva verta redusert med ca 50 %. Visuelt vil dette vere ein «nesten» tørrlagt elv.

**Øystese kraft** vil minimere Ørredalsfossen i tørre periodar. Elva vil forsvinne i lange peiodar nedanfor Ørredalsfossen med den føreslåtte minstevassføring på 400 L/S sommars tid og 115/S vinterstid.

Neddemt areal ved inntaket bør avgrensast slik at det ikkje dominerer synsintrykket frå vegen. På figur 19 ser me det omtrentlige arealet. NVE bør avgrense bassenget mot vegen med ein tydelig buffersone.

Vidare bør området mellom dammen og vegen plantas til.

Når BKK overfører vatnet frå Vossadalen til Samnanger vil også fisk og snyltarar frå Vossadalen følgje med. Dette er vel ikkje heilt etter forskriftene?

**Fisket i vassdraget.** Det er den øvre utbygging i vassdraget som er mest skadelig for fisket.

Med BKK sin utbygging i Vossadalen vil det i prinsippet ikkje vere noko fiske igjen mellom Fitjadalen og Vossadalen. Store delar av elva vert tørrlagt og tersklar vil ikkje kunne hjelpe. I tillegg er terskler også eit inngrep!

Den nedre delen av elva med anadrom fisk vert også skadelidande ved BKK sin overføring til Samnanger. Ein gjennomsnittlig reduksjon i vassføringa gir ikkje eit tydelig bilete på utfordringane i den nedste delen av elva. Med generelt mindre vatn vert og variasjonane større i løpet av året. Når BKK tek bort sommarsmeltinga frå nordhellengar i høgfjellet, reduserer dei og vassføringa i elva i perioden der laks og aure nettopp skal vandre opp.

Når det gjeld Øystese kraft er det største problemet at vatnet vert ført bort frå den delen som i dag er brukt til rognplanting.

Me ynskjer ein større minstevassføring enn 150 l/s i vinterhalvåret. I tillegg krev me utlegging av gytegrus.

Begge utgreiingane viser til at det er lite fisk i den delen av elva som er lakseførande.

**Vår kommentar:** Som ein del av rognplantinga i 2012 vart det i løpet av nokre kveldar teke opp 13 fisk, både laks og aure. Få av desse var rømt oppdrettsfisk, og i tillegg sto det mykje fisk at i elva. Dette visar at elva er i betra stand enn det som er skissert i rapportane.

### **Friluftsliv og reiseliv**

Fitjadalsvatnet og området rundt er antakelig det mest brukte turområde i Kvam herad.

Sogestien rundt vatnet og området inn til Botnane er daglig i bruk av folk i alle aldra.

Ørredalsfossen høyrer også med til Fitjadalen.

Øystese idrettslag har sidan 80 talet registrert besøkjande på Botnane. Frå mai til oktober er det i snitt 1000- 1200 personar på tur i dette området. Det reelle talet er mest sandsynleg ein del høgare. På Fete og ved Blekeld er det også daglig folk.

Området er sentralt i Kvam, lett tilgjengelig og sær sars barnevenlig. Vassdraget, altså

Øysteseelva er det sentrale element i denne naturopplevinga og med ein sterk redusert elv vil også turopplevinga verta redusert.

Fitjadalen med veg inn til Fete er eit naturleg utgangspunkt for lengre turar i området til Vossadalen og Vending. I praksis fjerna BKK elva i store delar av året med ein minstevassføring på 150L/S.


I tidlegare utgreiingar er det nettopp dette område som har fått størst verdi, blant anna fordi det her er langt til andre store inngrep.

BKK har planer for overføring av andre elvar i området rundt Fitjadalen. Kvitebekk, Skrottatjørn, Håstapptjørn og eit kanalsystem på baksida av Mannfjell skal flytte vatnet til Hamlagrø og gjere innløpet i Fitjadalsvatnet markant mindre. Spesielt om sommaren under snøsmeltinga vil denne reduksjonen ha markant verdi for inn- og utløpet i Fitjadalavatnet og kanskje over tid føra til ein eutrofisering.

Fitjadalen og Vossadalen er inngangsporten til eit stort, vakkert fjellområde med høg regional verdi. Øystese-elva er ein av dei sær sars få elvane i Hardangerfjorden som renner frå høgfjellet til fjorden utan store inngrep. Fylkeskommunen har presisert dette i fleire vedtak.

NVE bør sjå på heilheten i området og vere merksam på **alle** planane for kraftutbygging i området, slik at ein konsesjon ikkje utløysar ein «dominoeffekt» av nye konsesjonar.

BKK har i sine rapportar konklusjonar som til dels er svært motstridande: I fagrapporten «*Friluftsliv, jakt, fiske og reiseliv*» vert konsekvensane analysert. Rapporten konkluderer med at området ved Vossadalen generelt har «stor verdi» S 39. Men når den samla effekten av inngrepet skal summerast, ser me at BKK estimerer dette til eit «lite/intet inngrep.»



For folk flest som går i fjellet vil ein 160 m<sup>2</sup> betongmur i den snevre Vossadalen neppe kunne definerast som «*eit ubetydelig inngrep*.» Vidare har BKK sjølv vurdert det som naudsynt med eit gjerde langs elva frå Vossadalen til Botnane; (Rapport om skog & jordbruk s. 22) :

*«Det vil antagelig være behov for et gjerde fra sørenden av Vossdalsgjelet og ned til Botnane (ca. 2,5 km), og gjerdet vil kreve årlig vedlikehold om våren.»*

I rapporten for friluftslivet er ikkje dette gjerdet diskutert, men sett frå eit friluftslivsperspektiv, er dette nærmast som vandalisme å rekna.

Me meiner BKK konsekvent underkommuniserer dimensjonane i inngrepet når det gjeld den framtidige turopplevinga. Dette forsterkas gjennom følgjande sitat s 40 i rapporten om friluftinteressene:

«Omfanget for Turistforeningens merket fottur mellom Fitjadalen og Vossadalsvatnet er satt til *middels negativ*. Omfanget for Ørredalsfossen og Sogestien i Fitjadalen er satt til intet.»

Heller ikkje her har rapporten tatt bryet med å nemne eit 2,5 km langt gjerde midt i det smale, spektakulære Vossadalsgjelet. Eller at Ørredalsfossen i periodar vil vere nesten tørrlagt då vatnet frå sommarsmeltinga er ført til Samnanger.

### **Kloakk og bading.**

Overføring av vatnet til Samnanger kan også få negative effektar i Øystese om sommaren. Kloakkplanane til Kvam herad tilseier ein sentralisering av nettet med utlaup ved Notaneset i Øystese. All kloakk frå Kvamskogen, Steinsdalen, Vikøy, Norheimsund og Øystese skal ut på Notaneset og i Øystesebukta. Dette kan innebere ei 2-5 dobling av dagens utslepp.

Øystesebukta har lite vassutskifting og treng elva til å skape sirkulasjon.

Resipientrapporten som kommunen har fått utarbeidd (Rap.nr 385-2010) karakteriserer fjordbukta som i "meget god miljøtilstand".

Eit sentralt spørsmål er da, om me fortsatt vil ha same vasskvalitet i fjøra i Øystese med ein kraftutbygging i Vossadalen?

## **Samandrag**

Øysteseelva har ein klar regional og nasjonal verdi, som er dokumentert av NVE i samband med utviding av «Verneplan 5 for vassdrag» i 2006.

Begge konsesjonane vil redusere vassføringa i elva og fjerne delar av den storslåtte Ørredalsfossen.

Den klart mest negative utbygginga er overføringa av vatnet i Vossadalen til Samnanger, som BKK ynskjer. Denne vil påverka heile elveløpet og vere eit komande argument for meir utbygging av andre elver i området.

For det anadrome fiske vil ein BKK utbygging vere «ein utvikling i feil retning» Mindre vatn i den nedste delen på det mest sårbare tidspunktet.

Me stiller oss undrande til BKK sin generelle ned-klassifiseringa av alle kvalitetane i området.

I Hardanger og Kvam er det få vassdrag med ein slik «pondus» som Øysteseelva.

Kulturhistorisk er det eit yttarst spennande område med dei gamle, godt synlege naust og stølen på Fete.

Vernelaget og ØJF meiner elva og området har unike regionale og nasjonale kvalitetar og viser til cd'en, som vernelaget har produsert, som tek deg med på ein tur frå høgjellet og ned til fjorden. God tur!

På vegne av Vernelaget i Kvam og Øystese jeger og fiskarlag

Leiv Sandven  
Tormod Lunestad  
Klaus Rasmussen

Øystese 15.10.12